



FITJAR

Kommunal- og regionaldepartementet
Akersgt. 59

0180 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:
2008/798-3161/2008

Sakshandsamar:
Halvard Wiik,

Arkivkode:
010

Dato:
26.09.2008

Melding om vedtak

— Vedlagt følger utskrift av sak PS 78/08 – Høyring om endringer i vallova – handsama i Fitjar formannskap 09.09.08.

Med helsing

Kristin Meland
Kristin Meland

**SAKSFRAMLEGG****Høyring om endringar i vallova**

Utval sak	Utval	Møtedato
78/08	Formannskapet	09.09.08

Samandrag:

Kommunal- og regionaldepartementet vil føreslå enkelte endringar i vallova, samt ei endring i kommunelova. I det høvet er det laga eit høyringsnotat som ulike instansar kan uttala seg til med svarfrist 30. september 2008. Høyringsnotatet, som er på ca. 80 sider, er å finna på departementet sine nettsider, og vert ikkje lagt ved som eige dokument her.

Saksopplysningar:

Høyringsdokumentet inneheld mykje erfaringsstoff frå tidlegare val, og signaliserar også at departementet nok etter kvart kjem til å fremja fleire lovendringar enn dei ein konkret skal uttala seg til no. I denne omgang føreslår departementet følgjande lovendringar:

1. Forslag om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting", det vil seie at veljarane frå 1. juli skal ha høve til å vende seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10. august.
2. Forslag om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halde ope til kl. 21.00. Det blir føreslått at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00.
3. Forslag om at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde dagars val.
4. Forslag om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.
5. Forslag om heimel for valobservasjon.
6. Forslag om ei prinsippføresegn i kommunelova om rådgivande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.

Dei sentrale vurderingar som ligg bak lovendringsforslaga går fram av høyringsnotatet.

Vurdering:

Ut frå dei erfaringar ein har i Fitjar kommune, kan eg ikkje sjå at ovannemnde framlegg til lovendringar er slik at dei vil skapa vesentlege praktiske problem for valavviklinga her hos oss.

Eg har likevel ein kommentar til punkt 1:

Innføring av såkalla "tidlegrøysting" frå 1. juli, blir ei nyordning. Etter departementet sine eigne vurderingar kjem det til å vera heller få veljarar som kjem til å nytta ordninga, noko som i så fall betyr at ingen vil opparbeida seg særleg erfaring/rutine i å

handtera slike saker. Dette, kombinert med ferieavvikling som medfører bruk av vikarar/urøynd personell, genererer betydeleg fare for at det kan gjerast formelle feil. Difor er det svært viktig at denne ordninga vert gjort så enkel og praktisk som råd er. Kanskje element frå ordninga med "Brevstemmegiving utenriks", jfr. valforskrifta § 28, kan vera interessant i den samanheng.

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap (personidentisk med valstyret) ser positivt på Kommunal- og regionaldepartementet sitt framlegg til endringar i vallova og kommunelova, slik det går fram av Høyringsnotat datert 27. juni 2008.

Det er viktig at ordninga med "tidlegrøysting" vert gjort så enkel og praktisk som råd er.

Behandling i Formannskapet – 09.09.2008

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.



Atle Tønnes
Rådmann